

Jorun Borge
Eidavegen 207
5993 Ostereidet
tlf. 95251995. E post jor-borg@online.no

MOTTATT

19 JUN 2018

LINDÅS KOMMUNE ^{29-June-2018}	
Klassering	
19 JUN 2018	
Ark. saksnr. 17/1363	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Eknes 19.06.2018

Eilin H. Molvik, Byggesak Lindås Kommune

Ulovleg bruk av privat veg på gbnr. 238/3 til 238/41 Eknes indre.

Det er gjeve utsleppsløyve frå fritidsbustad og slamtømming med bil. Men eg som grunneigar til eigedommen vegen går over, har ikkje vorte spurd om eg tillet kjøring på veien med stor bil.

Det einaste eg er tilspurd om er og få bygge vei frå der naboen(Gunnar Guldbrandsøy) har grusa gangveg, og inn til hytta. For å koma fram med gravemaskin. Og til det fekk han nei til svar, eg meinte dei kom fram med maskina utan å byggja vei.

Men mandag 11.06 for ei veke sidan fekk eg meg ein overraskelse, det kom ein lastebil med steinlass nedover den private gamle veien, og han har kjørt steinmassar i tre dagar. Eg undersøkte då kva dette skulle bety. Og det viste seg at det var vegbygging på gang.

Eg prøvde og få kontakt med Kommunen, men det lukkast ikkje på mandag, men tirsdag ringde ein av dei annette, så eg fekk sagt i frå om det som skjedde her. Eg var og i kontakt med Vegvesnet angående avkjøringsløyvet på denne veien. Eg fekk til svar at den er privat, og at det var eg som grunneigar som måtte nekta kjøringa.

Same dag var eg også til Politiet, og la fram saka for dei, eg fekk same svaret hos dei og at det var eg som bestemte over veien. Politiet tok kontakt med Nordås. Og me vart enige om at ein skulle prøva å koma til ei løysing på saka, og vart det ikkje løysing på saka, var siste løysing anmelding.

Eg har sett stopp for lastebilkjøring på vegen, og likedan har dei dekkta til steinfyllinga med jord. Det som ligg på min eigedom.
Men gbnr.238/41 ligg innanfor 100 metersbeltet i strandsona, og der er det bygd ein stor terrasse på ca. 65 kvadrat og høgde over bakken på ca.1,30 m. Eg har ikkje vist om den før no .

Men den opplysinga som Nordås har lagt fram om kvaliteten på vegen er heilt feil. Dette er ein gamal kjerreveg, kor gamal veit eg ikkje, men den var ikkje kjørbar med bil før på totusen talet. Eg overtok her 1990, då spurde hyttebuarne om å få grusa eine hjulsporet så dei kunne koma fram med sykkel og trilla barnevogn, seinare måtte dei grusa andre sporet, og då vart vegen så fin at dei kunne kjøra bil. Men det er ikkje så mykje puk, det er stein på kantane ellers er det mest jord, og bredda er pressa ut så den er ca.2,5 m. men dei store bilane ligg heilt på ytterkantane. Der er fleire stader murane ligg på skråberg og dei kan lett svikta, og røyra som ligg i bekken er 3m. lang og er bortimot 1m. under vegbana. der er bredda på vegen 2,5m. så det er bratt skråning ned i elva på begge sider.

Så svaret frå meg er at det vert gjeve løyve til kjøring med stor bil. Og vert ikkje det akseptert, så vert veien sperra med bom.


Helsing

Jorun Borge



Legg ved kopi av avkjøringsløyve 1974 til hyttena.

Jnr. 7345/75
Ark. nr. 775-33
Sak nr. 992/75
BL/SIO



D. 3c.

STATENS VEGVESEN
HORDALAND VEGKONTOR
C. SUNDTSGT. 64 - TELEFON 23 23 10
5011 BERGEN - NORDNES

Gunnar Guldbrandsøy
Vegsentralen
5046 RÅDAL

LINDÅS KOMMUNE
KONTOR
INGSTADVEI 1
0263 1-2 1275
ARKIV NR. 238-3

Søknad om privat avkjørsle fra offentlig veg.

Underskrivne: Ivar Eknes

som er eigar av eigedomen Eknes indre
går nr. 238 bnr. 3 i Lindås kommune

søker med dette om løyve til å byggja privat avkjørsle frå riksveg/~~fylkesveg~~ nr. 14,
Knarvik - Ostereidet

For samtykke etter søknaden vedtar eg desse

VILKÅR:

- A. Avkjørsle vil bli lagt slik det er fastsett i veglova av 21. juni 1963 §§ 39-43 som eg har fått avskrift av.
- B. Avkjørsle vil bli bygt og vedlikehalde, slik som det vert kravt etter reglar vedtatt av Vegdirektoratet den 16. juli 1964 som eg har fått avskrift av.
- C. Før arbeidet med avkjørsle kan ta til, må oppsyns mannen ha stukke ut tilknyttinga til vegen og sett ut høgder ved tilknyttinga.
- D. Følgjande serskilde vilkår gjeld:
 1. Løyvet gjeld berre for den stad som er nemnt foran og etter godkjent skisse med målestokk.
 2. Avkjørsle kan berre nyttast til følgjande:

Tilkomst til hyttetomt.

3. Samankoplinga mellom sidekantane på avkjørsla og næraste køyrebane kant på den offentlege vegen skal verta avrunda med ein sirkel med radius på minst 4,0 m.

4. (Mogelege tilleggsvilkår) Det vert gitt løyve til utvida bruk av eksisterende gardsveg med gangveg vidare på vilkår av at arbeidet vert utført i samråd med og etter tilvisning frå vegmester Veland Isdalstø. Vidare er det ein føresetnad at andre må få nytta same vegtilknytning, dersom dette vert aktuelt ved seinare busetnad eller avkjørslesannering. Frisiktfelt må ryddast etter tilvisning frå vegmesteren. Innanfor dette arealet må terrenget ikkje vere høgare enn 0,5 m over riksvegplanum. Desse Frisiktfelta må haldast rydda.

..... den,

.....
Som eigar

Sendast til:

De får med dette løyve til å byggja avkjørsla på dei vedtatte vilkåra og på dei vilkår som til ei kvar tid vert sett i veglova og av Vegdirektoratet.


Løyvet gjeld frå idag. Arbeidet må settast igang innan 1-eitt-år. Løyvet fell elles bort.

Vegsjefen i Hordaland

Bergen, den

Vert sendt oppsynsmann:

Vi ber Dykk se etter at vilkåra vert etterfølgde. Ein kopi av løyvet ligg ved som vi ber Dykk senda vegvaktaren til orientering.



Villy Myra
Tomt
Tomt som så
fra delt.

Dersom det er
umulig å få den
heilt full skandli
kan det vera natur
å få tomt i flukt
med Villy Myra
og furvene nedre
og grunn.

Det skraverte felt
viser mulig alker
liv.

LINDÅS BYKONTOR
LINDÅS BYGGENINGSÅD
1 JUN 1977

LINDÅS KOMMUNE
INGENIØRKONTORET
01253 24.674
Arkiv nr. 888-3

N

LINDÅS KARTVERK

Utsnitt av blad nr. 68

Målestokk 1:5000